



Politiet vurderer den tragiske ulukka ved Musland søndag ettermiddag, der Sverre Johan Myklebust (66) frå Uskedalen omkom, som ei arbeidsulukke. Difor er det ikkje rett slik politiet i Bergen har opplyst tidlegare at vegvesenets sin ulukkeskommisjon skal koplast inn i saka.

Lensmann Sigurd Børve opplyser til Kvinnheringen at lensmannskontoret er ferdige med etterforskinga på staden og vil jobba vidare saman med Arbeidstilsynet. I samband med undersøkingane har området vore avsperra.

Ulukka skjedde då den beltegåande gravemaskinen var på veg ned skogsvegen ovanfor Musland. Maskinen er av merket Hitachi og veg 14 tonn.

Den kom på gli på det isete underlaget i ein sving og hamna utanfor vegkanten. Myklebust fall ut, kom i klem under maskinen og livet stod ikkje til å redde. Maskinen glei truleg sidelengs før den hamna utanfor ein omlag fem meter høg skrent.

Biletet over vart teke like etter ulukka.

Av Ola Matti Mathisen

(Foto: Arne Lindeflaten, Kvinnheringen)